

Skulemusikk i medvind ønskjer fleire aspirantar.

03.06.2020



Denne supre gjengen ønskjer å bli fleire.(Koronabilde med avstand.)

Uskedal skulemusikk er i god medvind, og etter eit generasjonskifte for eitt år sidan, har dei i løpet av året dobla medlemstalet. No er dei 14 svært glade musikantar, og dei håpar å få fleire med på laget. Korpset er så heldige at dei kan gå mot ein ny sesong med dyktige Tor Skeie Olsen som dirigent, og ikkje nok med det! Dei får dette året også to flinke, kjekke, unge instruktørar som tidlegare har spelt i korpset!



Det musikalske opplegget i skulemusikken er sikra med denne knallgjengen, Camilla M. Ripel(f.v.), Tor Skeie Olsen og Hanna Tvilde.

Det er Camilla Myklebust Ripel og Hanna Tvilde som er tilbake i korpset som dei slutta i etter mange kjekke og gode år for eit år sidan. Camilla var siste åra principle-kornettist før ho for eit år sidan reiste til USA som utvekslingsstudent. Året i USA nytta ho godt også i musikalsk samanheng, og spelte heile tida i eit storkorps til ho måtte koma heim att på grunn av koronaen. Hanna Tvilde avslørte seg også som eit musikalsk talent. Første tida trakterte ho althornet betre enn dei aller fleste jamaldringar, men då korpset trong slagverkar, gjekk ho over i rytmeseksjonen. På kort tid lærte ho seg å traktera trommesettet, hovudsakleg ved hjelp av instruksjonsfilmar på youtube, på ein måte som imponerte alle som kjenner til denne vanskelege kunsten. Ikkje rart at dirigenten og styret i skulemusikken jublar over at dei har fått desse to kjekke og talentfulle ungdomane tilbake på laget!! Saman med dirigent Tor Skeie Olsen vert dei ein super trio som kan ta korpset og aspirantopplæringa vidare. Dette blir nok kjekt å delta i, og for oss andre å føgja med på!

Det noverande styret arbeider også særskilt godt. Dei viser stort engasjement, kreativitet og flott innsikt i korpsarbeid. Dei miksar det sosiale inn i den musikalske aktiviteten, og får dermed ei flott utvikling. Sjølv korona-

krisa stoppa ikkje denne dyktige gjengen. Medan mange andre korps kutta ut aktiviteten, har dei tilpassa aktiviteten og halde hjula i gang. Først hadde dei digitale øvingar, før dei siste månaden har øvd i strandstova i båthamna. På 17.mai spelte dei på ein måte som imponerte og gledde publikum stort. Då var også årets aspirantar med. Desto meir imponerande.

Styret ønskjer altså fleire aspirantar frå hausten. Dei held fram med eiga aspirantopplæring på same måte som den som var så vellukka sist sesong.

- Me ynskjer fleire musikantar i bygda vår. Kvifor spela i korps ? JO! Du får læra å spela eit instrument. Alle får vere med på sitt nivå, og me presterer saman. Ved å spele i korps får ungane oppleva eit fellesskap på tvers av kjønn og aldersgrupper og ikkje minst å ha det kjekt saman! heiter det mellom anna i ein uttale frå styret.

Og det gode tilbodet er i tillegg snilt med lommeboka, for styret melder vidare:

-Kontigenten i skulemusikken er kr 500.- for eit år, og då får du opplæring, lån av instrument og ikkje minst vere del av eit positivt fellesskap. Er du interessert, ta kontakt med **Monica Hermann** på mobnr: **906 35 493** eller **Haldis Åkra** på mobnr: **970 43 869**.

Dei som velger å begynna i korps, får ein hobby som dei vil ha glede av heile livet. Det er veterangjengen i musikklaget eit godt eksempel på. Der er det musikarar som har spelt på meir enn 70 nasjonaldagar. Og dei syns framleis at hobbyen er minst like kjekk! I tillegg er det alltid korps som tar mot med glede når ein flyttar heimanfrå, og ein er sikra nye venner.

Derfor legg eg til: Viss korpsungdommar skal flytte til Bergen, må dei sei frå. Eg er blitt kontakta av gode korps som står klar og ventar med opne armar!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Haldis Aakra